



Hytta under arbeid i 2006 (Foto: Dag Hermansen)

**Geolog Dag Hermansen, busett i Bergen, er ein trufast ferie- og fritidsgjest i Uskedalen. Han er ikkje hyttebuar berre på Neset, men også ved Mannsvatnet der han er ein av 6 medeigarar i ei av dei 12 hyttene i området. 8 av dei er gamle, den fyrste bygd i 1917. 4 er nybygde eller ombygde.**



[Stor dugnadsinnsats har gjeve eit flott resultat. \(Foto: Dag Hermansen\)](#)

Her har Dag lagt ned mange dugnadstimar med fysisk arbeid, men det begrensar seg ikkje til det.



[Avansert flyfoto i databoka](#)

Han har også gjort ein storinnsats med samling, systematisering og redigering av skriftleg og fotografisk materiale både om Fjellstovo og om resten av miljøet rundt vatnet.



Nåso i blått sett frå Mannsvatnet. (Foto: Dag Hermansen)

Materialet er så omfattande at det må kallast ei databok.

Det er ein imponerende historisk dokumentasjon som truleg saknar sidestykke.

Grunnstammen er historia om Fjellstovo eller Nesjahytta. Om den får vi veta det meste, mellom anna gjennom attgjevinga av hyttebøkene heilt frå 1950 og langt framover. I tillegg er det som er skjedd med hytta og livet der skildra i tekst og foto. Her kan ein lesa om alt frå ein båtskade til montering av hageslange med dusj.

Fotografia er eit kapittel for seg, ikkje minst på grunn av høg kvalitet. Til dømes kan ein nyta ein slides-serie på 400 bilete. Her er det ikkje minst mange flotte natur-bilete. Og ein får sjå flyfoto frå området som må vera ein liten datateknisk triumf: Dei er drapert over ein tredimensjonal terrengmodell og det skaper ein fascinerande effekt. Imponerende er det også at ein får vervarsel for Mannsvatnet – time for time!

Dag har all grunn til å vera fornøgd med prosjektet, men han ønskjer no at kvar og ein av hytte-eigarane skriv ned ei lita historie om historia, gjerne med bilete. Det vil gjera framstillinga meir komplett.

Hvis også du vil nyta databoka Fjellstovo er det berre å gå inn på nettet og skriva namnet.

I Uskedalsposten kjem det meir stoff om denne hytta og natur og miljø rundt Mannsvatnet, ei av dei mange naturperlene våre.

Av Ola Matti Mathisen



Dag Hermansen - her på Neset - har laga ei databok frå Mannsvatnet. (Foto: Ola Matti Mathisen)